

## **Landsmøte 2013**

### **Møteprotokoll**

Ålesund, 19. april 2013

Rica Parken Hotel

Kl 9.00 – 10.15

Frammøte: 19 representantar med røyserett.

### **Saksliste**

1. Konstituering: Val av møteleiar, referent og representantar til å underskrive protokollen frå møtet.
2. Årsmelding.
3. Revidert rekneskap.
4. Fastsetjing av kontingent.
5. Budsjett.
6. Handlingsplan.
7. Val av styre.
8. Val av valkomite på tre medlemmer etter framlegg frå styret.
9. Framlegg fremja av medlemmer eller av styret.
- 9.1. Forslag om endring av vedtektene i § 3 Medlemskap.

### **1. Konstituering: Val av møteleiar, referent og representantar til å underskrive protokollen frå møtet**

Styreleiar ynskte forsamlinga velkomen til landsmøtet. På vegne av styret vart Terje Haram (Bergen Byarkiv) føreslått som møteleiar og Vibeke Solbakken Lunheim (Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS) som bisittar. Dette vart godkjent av forsamlinga.

Møteleiar la på vegne av LLP sitt styre fram fylgjande framlegg til representantar til å signere protokollen, tellekorps og referent:

Representantar til å signere protokollen:

Torgeir Aase - Lokalhistorisk Arkiv i Bergen.

Arnt Ola Fidjestøl - Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS.

Tellekorps:

Marit Slyngstad - Vestfoldarkivet

Marit Anita Skrede - Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane.

Referent:

Inger Lene Nytingnes - Organisasjonssekretær, LLP.

Styreleiar la vidare fram forslag til foretningsorden.

Vedtak: Landsmøtet godkjenner styret sine framlegg i samband med konstitueringa.

## **2. Årsmelding**

**Styret sitt framlegg til vedtak: Styret ber om at landsmøtet godkjenner årsmeldinga for 2012.**

Styreleiar gjorde greie for årsmeldinga for 2012. Det vart trekt fram at LLP sitt 25-årsjubileum og arbeid i samband med Stortingsmeldinga for arkiv har stått i fokus for organisasjonen i 2012.

Vedtak: Landsmøtet godkjenner årsmeldinga for 2012.

## **3. Revidert rekneskap**

**Styret sitt framlegg til vedtak: Styret ber om at landsmøtet godkjenner revidert rekneskap for 2012.**

Styreleiar gjorde greie for rekneskapet for 2012. Årsrekneskapet syner eit negativt resultat på kr 21 227. LLP sin administrasjon hadde eit positivt resultat på kr 65 221. Det er føreteke ei tapsføring på kr 31 450 som er knytt til ubetalte fordringar eldre enn 2012.

Vedtak: Landsmøtet godkjenner revidert rekneskap for 2012.

## **4. Fastsetjing av kontingent**

**Styret sitt framlegg til vedtak: Styret føreslår å auke kontingentsatsane i 2013**

Det kom inn to forslag frå forsamlinga om å endre på rekkjefølgja i sakslista:

- 1) Handsame 1) sak 5 budsjett 2) sak 9.1 vedtektsendring 3) sak 4 kontingent.
- 2) Handsame 1) sak 9.1 vedtektsendring 2) sak 4 kontingent 3) sak 5 budsjett.

Det vart føreteke røysting.

Forslag 1) 8 røyster.

Forslag 2) 10 røyster.

Vedtak: Landsmøtet vedtek å handsame 1) sak 9.1 2) sak 4 kontingent 3) sak 5 budsjett.

### **9.1. Forslag om endring av vedtektene i § 3 b Medlemskap**

Styret sitt framlegg til vedtak: Styret fremjar forslag om at landsmøtet vedtek vedtektsendring vedkomande medlemskap i LLP.

Styreleiar la fram sitt forslag til endring av tekst i vedtektene for å opne for at medlemskap i LLP og skal gjelde for personlege medlemer. Forslaget inneberer at personlege medlemer skal kunne veljast til verv i LLP. Det vart føreslege ein kontingentsats på kr 200 for personlege medlemer.

Styret gjer framlegg om å endre tekst i vedtektene § 3b til:

*«Personleg medlemskap: Fagleg tilsette ved institusjonar som er fullt medlem av LLP eller andre som av fagleg oppnemning eller som av andre årsaker ynskjer å støtte LLP sitt arbeid for lokal- og privatarkiv.»*

Forsamlinga røysta over saka:

Røyster mot forslaget: 0

Blanke røyster: 1

Vedtak: Landsmøtet vedtek styret sitt forslag til endring av vedtektene § 3b med ein kontingentsats på kr 200.

#### **4. Kontingent**

Styreleiar la fram styret sitt forslag til kontingentsatsar for 2013. Styret føreslår å auke kontingentsatsane.

Det vart halde røysting.

Røyster mot forslaget: 0

Blanke røyster: 1

Vedtak: Landsmøtet vedtek styret sitt forslag om å auke kontingentsatsen i 2013.

#### **5. Budsjett**

LLP sin administrasjon har utarbeidd eit budsjett med overskot på kr 400,- som vart lagt fram for landsmøtet.

Styret vart oppmoda til å gjere grep for å minske reiseutgifter.

Styret oppmoda til å legge fram ei meir detaljert oversikt over den økonomiske situasjonen og korleis dei økonomiske midlane er fordelt i rekneskapet.

Styret vart oppmoda til å utarbeide budsjett med resultat i balanse framfor små overskot.

Det vart halde røysting.

Røyster mot budsjettforslaget: 0

Blanke røyster: 0

Vedtak: Styret sitt framlegg til budsjett for 2013 vart samrøystes vedteke.

#### **6. Handlingsplan**

Styreleiar la fram styret sitt forslag til handlingsplan for 2013.

Vedtak: Landsmøtet vedtek styret sitt framlegg til handlingsplan.

#### **7. Val av styre**

Valkomiteens framlegg til styre, varamedlemer og fagseksjonar vart lagt fram av styreleiar for landsmøtet.

Det vart halde avstemming for styre, varamedlemer og representantar til fagseksjonane.

Vedtak: Valkomiteens framlegg til styre og fagseksjonar for neste periode vart samrøystes vedteke.

#### **8. Val av valkomite på tre medlemer etter framlegg frå styret**

Styreleiar la fram styret sitt framlegg til valkomite for komande periode.

Møteleiar spurde forsamlinga om nokon ynskte å stemme mot forslaget.

Vedtak: Styret sitt forslag til valkomite vart samrøystes vedteke.

#### **9. Framlegg framja av medlemer eller av styret**

Det har ikkje kome inn saksframlegg frå medlemer.

Styret har fremja sak 9.1. Forslag om endring av vedtektene §3 Medlemskap.


Styreleiar takka forsamlinga for frammøtet og takka av avtroppande styremedlemer.

Landsmøtet vart avslutta kl 10.15.



Arnt Ola Fidjestøl

Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS



Torgeir Aase

Stiftelsen Lokalhistorisk arkiv i Bergen